

NYSKAPANDE AKTIVITETSANLEGG 2020 - 2023

**SØKNAD TIL SPAREBANKEN VEST
- AGENDA VESTLANDET**



Vestland
fylkeskommune



Innhold

- intro; trender og visjon..... s. 3
- om prosjektet..... s. 4
- bakgrunn..... s. 6
- inspirasjon, gode døme..... s. 7
- formål..... s. 8
- samarbeid..... s. 11
- modellen..... s. 12
- gjennomføring..... s. 13
- pilotprosjekt..... s. 14
- sentrale spørsmål..... s. 15
- inspirasjon..... s. 16
- budsjett..... s. 18

Forside:
Kalvebod Bølge,
JDS Architects og KLAR Architects
Foto: Pinterest, shapedscape

"Grunnlaget for bevegelsesglede, aktivitetsvaner og fysisk funksjon legges i barne- og ungdomsårene."



Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029, Departementene

TRENDER

Utviklingstrendar viser at samansettinga av befolkninga er i endring. Vi ser nye fritidsvaner, ulik deltaking i fritidsaktivitetar, kjønns- og aldersforskjeller, og avgrensa ressursar tilgjengeleg. Graden av trivsel i nærmiljøet er lågast blant ungdom og kjensla av einsemd størst. I tillegg rapporterer jentene om aukande psykiske utfordringar.



VISJON

Vi ønsker, ved hjelp av innsats i nærmiljø, innovative løysingar og eit godt kunnskapsgrunnlag, å skape engasjement for auka fysisk aktivitet, bevegelsesglede og meistringsglede. Vår visjon er å legge til rette for at det blir skapt fysiske møteplasser - basert på lokale behov - og med nasjonal relevans.



NYSKAPANDE AKTIVITETSANLEGG



Vestland
fylkeskommune



Om prosjektet

Prosjektet er ei målretta satsing på enkle lokale møteplassar med varierte og attraktive lavterskelttilbod for fysisk aktivitet.

Vi arbeidar no med 4 pilotar, som handlar om skuleområde/ aktivitetsområde i følgjande kommunar: Stord, Bjørnafjorden, Austevoll og Kvam.

I hovudprosjektet (2021-2023) løftar ein prosjektet til å gjelde alle kommunar i Vestland fylke, med ein søknadsbasert ordning som er knytt til henholdsvis skuleområde og idretts- og aktivitetshallar.

Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov innan fysisk aktivitet og idrett - basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og berekraftige løysingar.

Møteplassane skal bygge på arkitektur av høg standard og vere nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar og bli naturlege samlingsstadar i lokalsamfunnet.

Sosial berekraft skal stå i fokus - det skal vere lett å delta utan særskilte krav til ferdigheter, og eit viktig mål er å fremme sambruk, fleir bruk og kvardagsbruk.

Prosjektet skal altså basere seg på lokale behov, men ha nasjonal relevans i høve til både metode, prosess og resultat.



Bilete frå LOA sine prosjekt i Danmark

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune (VLFK) vil saman med kommunane, Vestland Idrettskrets, Lokale- og Anlægsfonden i Danmark (LOA), Tverga (ressurs-senteret for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet i Norge) og andre aktørar legge til rette for tiltak som kan stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane. Dette er forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

LOA jobbar for å skape framtidas berekraftige fritidsliv gjennom å vere ein unik kunnskaps-formidlar og eit utviklingsfond. Dei legg vekt på kreativitet og høg fagleg kompetanse.

LOA har i ei årrekke vore ein god samarbeidspart for fylkeskommunen. Det har vore fleire konferansar og studieturuar der kommunane har vore med til Danmark eller LOA har vore i Vestland og hatt innlegg til inspirasjon. Særleg har idrettsrådkonferansen dei siste to åra vist at det er eit ønske i kommunane at fylkeskommunen skal løfte fram denne modellen frå Danmark.

Mange kommunar har vist stor interesse for denne måten å jobbe på, og gjennom dette prosjektet håpar vi å kunne auke kompetansen både i fylkeskommunen, i kommunane, i idretten og blant ulike arkitektkontor.

Hausten 2019 og våren 2020 har LOA rettleia 6 ulike pilotprosjekt i 4 kommunar knytt til uteområde ved ulike skular.

Dei utvalde kommunane søkte på ei open ordning (i Hordaland), med formål å utvikle attraktive uteområder ved skular gjennom m.a. brei medverknad. ProsesSEN har avdekkja behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag, prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i anlegg som ikkje vert dekka gjennom spelemiddelordninga.

Vestland fylkeskommune har no inngått samarbeid med Vestland idrettskrets, Tverga og LOA. Fleire andre aktørar er også involvert, både i høve arkitektkompetanse og forsking.

VÅGE Å TENKJE NYTT



Bilete frå LOA sine prosjekt i Danmark






Foto LOA sine prosjekt:
Simon Jeppesen, Rune Johansen,
Esben Zöllner, Leif Tuxen.



Vestland
fylkeskommune


Formål - overordna og lokalt

Vestland fylkeskommune jobbar for å gjøre det lett for alle i fylket å vere fysisk aktive kvar dag. Fysisk aktivitet er avgjerande for god helse, og fylkeskommunen jobbar for å leggje eit godt grunnlag for god helse for innbyggjarane våre.


FNs berekraftmål ligg til grunn for alt arbeidet i fylkeskommunen, og både miljømessig berekraft og sosial berekraft er avgjerande for å møte framtidas behov og skape levedyktige lokalsamfunn.

Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine eigne behov innan fysisk aktivitet og idrett, - basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og berekraftige løysingar. Målet er å skape samlingsstader som lokalsamfunnet ønskjer å bruke.

Målet er å få fram anlegg av utviklende karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivetsanlegg for idrett og fritid lokalt, regionalt og nasjonalt. Vellukka prosjekt kan inkluderast i www.godeidrettsanlegg.no



Prosjektet Nyskapande aktivetsanlegg ligg nettopp i dette skjeringspunktet - mellom berekraft, lokalsamfunn og fysisk aktivitet. Prosjektet vil ha nasjonal relevans langt utover Vestland fylkeskommune, og vi trur prosjektet kan treffe ei viktig nerve i vår tid.



Eit godt kunnskapsgrunnlag, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå og ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidas behov.

Prosjekta skal ha fokus på berekraft og medverknad og skal utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape åtferdsendring i befolkninga på tvers av sektorar.

I neste runde vil pilotprosjekta gi inspirasjon til fleire kommunar til å bli med i fase 2 og 3, og ein vil her sjå kva effekt ein oppnår ved denne type prosjektmodell. Det vil også bli foretatt evaluering av kvart enkelt prosjekt for å vurdere om ein har oppnådd ønska endring lokalt.

Delmål

- Få fram meir forskningsbasert kunnskap om barn og unges aktivitetsvanar og -behov
- Inntil 12 modellanlegg inn i godeidrettsanlegg.no etter endt prosjektperiode
- Lage ein idékatalog etter kvar fase til inspirasjon for kommunane
- Endre nasjonal politikk på anleggsutvikling
- Åuke kompetansen på anleggsutvikling i arkitektmiljø i Vestland fylke



SAMARBEID



Bilete frå Lakkegata aktivitetspark i Oslo -som vart utarbeidd av Asplan Viak i samarbeid med Tverga. Prosjektet var ein av tre finalistar til Oslo bys arkitekturpris for 2020. Foto: J. Thorvaldsen/K. Reinsberg Mørch, Asplan Viak



Samarbeid med Tverga

Tverga sitt prosjekt "En morsom omvei" er eit prosjekt retta mot tiltak på austlandet. Det er fleire likskapar mellom prosjekta, og vi er i god dialog med Tverga, som ønsker å vere med i vårt vestlandsbaserte prosjekt. Vi er einig i at det er ein fordel for utviklinga på nasjonalt nivå at vi samordnar og samarbeider.

VLFK har inngått ein samarbeidsavtale med Tverga med varighet frå 2020 til 2023. Tverga blir ein del av ein ressursgruppe, og bidrar med erfaring og kompetansedeling frå eigne prosjekt.

Tverga har og bidratt inn i prosjektet med Lakkegata aktivitetspark, som Asplan Viak har utabeidet i Oslo for Undervisningsbygg AS.

Prosjektet med Lakkegata aktivitetspark starta som ein enkel skulegårdsutviding men utvikla seg til et byrom som gir noko tilbake til byen.


Asplan Viak AS er eitt av arkitektkontora som no er påkobla pilotprosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg, i Kvam herad.



Tverga

Tverga er ressursenteret for egenorganisert idrett og fysisk aktivitet i Norge.

Tverga er en frivillig organisasjon som ble etablert i 2018 av Ungdom og Fritid og Oslo Skateboardforening på oppdrag fra Kulturdepartementet.



Modellen

"Tilfør kunnskap - vent med beslutningen!!"
Ola Mattson, LOA

LOA vil vere tett på alle prosjekt frå starten. Det er i startfasen til dei ulike prosjekta at modellen skil seg mest i høve korleis ein arbeider med anleggsutvikling i dag.

Ein vil bruke tid og ressursar i prosessen med å knyte til seg kunnskap og kjennskap område og brukarane. Ein skal snakke med folk som bur i nærområde, kartlegge brukargrupper, behov, ønskjer og trendar.

Det skal vere breidde og inkludering i medverknadsprosessane. I tillegg skal det vere fagleg kreativitet for å hjelpe å finne løysingar som kanskje ingen har laga før.

Pilotprosjekta er utfordra til å utarbeide ei interessenanalyse over alle som kan tenkast å ha ei interesse i prosjektet eller kan forventast å bli påverka av prosjektet, t.d. elevar/andre barn og unge, foreldre, frivillige organisasjonar, tverrsektoriell involvering, naboar m.fl.

Ei arbeidsgruppe, breitt samansett av lokale aktørar frå ulike sektorar i kommunen (administrativt og politikarar), lag og organisasjonar og representantar frå ulike brukargrupper t.d. elevråd, skal drive arbeidet. Vestland fylkeskommune og LOA deltek ut frå behov.

Arkitektar er kopla på dei ulike pilotane og skal drive prosessen i tett dialog med arbeidsgruppa. LOA og VLFK føl og prosessane frå starten. Arkitektane teiknar etterkvart ut forslag som kjem ut av denne arbeidsprosessen.

Ev. økonomisk oppfølging av pilotprosjekta vert vurdert etter søknad ut frå behova og prosjektplanen til dei involverte kommunane.



Gjennomføring

På bakgrunn av prosessen hausten 2019 der det vart avdekkja behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag og prosesskompetanse, vart det våren 2020 utlyst ein arkitektkonkurranse der 7 arkitektfirma vart invitert til å kome med tilbod.

Etter gjennomført konkurranse sit ein igjen med 4 firma, som no er kopla på kvar si kommune. I budsjettet for 2020 vart det løyvd kr 900 000 fra VLFK til prosjektering, men det er trong for ekstern finansiering for å realisere prosjekta.

Det er også trong for finansiering for å gå vidare med prosjektet til fase 2 og 3 - der ein løftar prosjektet til å gjelde alle kommunar i Vestland fylke, med ein søknadsbasert ordning som er knytt til henholdsvis skuleområde og idretts- og aktivitetshallar, i 2021 og 2022.

Fase 1

Forprosjekt
Forankring
Finansiering

Arkitekt-konkurranse

Haust 2019

Pilotprosjekt prosess utviklingsfase

Haust 2020

Evaluering Konferanse - presentasjon av pilotprosjekt

Vår 2021

Realisering av pilotprosjekt i 2021

Satsinga i fase 2 vil få ein "kampanje-organisering", med pårekna tidslinje på 1-1,5 år, frå utlysing mai/juni 2021. Det vil verte ein grundig prosess for å sikre at dei rette prosjekta blir valt ut.
Prosessene i fase 3 vil vere lik fase 2, men då knytt til idretts- og aktivitetshallar som vil gje andre problemstillinger.

Fase 3

Fase 2

Utvælgning prosjekt fase 2

2022

Haust 2021

- som fase 2 men knytt til idretts- og aktivitetshallar

Forsking

I samarbeid med Idrettscampus Bergen (ICB) og andre aktuelle aktørar og FoU-miljø, vil det bli knytt forsking til prosjektet.

Pilotprosjekt

Det er kommunane Austevoll (Austevoll ungdomsskule), Bjørnafjorden (Fusa ungdomsskule), Kvam (ny vidaregåande skule) og Stord (Langeland barneskule) som er en del av samarbeidet og utgjør dei 4 pilotprosjekta.

Dei søkte hausten 2019 om bistand til å utvikle uteområder ved skular. Ungdom er prioritert då det er færrest i denne aldersgruppa som oppfyller tilrådinga om å vere fysisk aktiv i minst 60 minutt om dagen, og fråfallet i idretten og andre organiserte kulturaktivitetar er aukande.

LOA har bidrege med sin kompetanse via digitale møter, synfaringar til alle skulane og informasjonsdeling i etterkant. Dette har gitt særsviktige erfaringar i høve til å kunne utvikle ein "LOA-modell" i norsk kontekst.
I tillegg må kunnskapsgrunnlaget vidareutviklast med:

- nasjonale og internasjonale utfordringar, forsking og trendar.
- lokale utfordringar som ein finn i folkehelseoversikt og anna eksisterande kunnskap.
- utvikle ny kunnskap m.a. i samarbeid med Idrettscampus Bergen og Høgskulen på Vestlandet.

Prosjekta skal vere av utviklende og inspirerande karakter. Strategiutvalet for idrett skriv i sin rapport til KUD, Statlig idrettspolitikk inn i en ny tid (2016) m.a. "Behovet for økt kunnskap som grunnlag for begrunnde politiske og strategiske valg, idrettspolitiske diskusjoner og faglige prioriteringer innenfor idrettsanlegg er stort" 'Dei meiner dagens satsing er for liten for å handtere behovet for forsking, utvikling og rådgiving på dette området.

VLFK ønsker å drive fram pilotar av nasjonal interesse, der en vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei rette anlegga.

Fylkeskommunen har etter arkitektkonkurransen våren 2020 fordelt fire arkitektkontor på kvar sine pilotprosjekt. Felles oppstartsmøte med arkitektar, kommunar og LOA er gjennomført, og fordelingen er som følgjer:

Austevoll (Austevoll ungdomsskule) - Norconsult
Bjørnafjorden (Fusa ungdomsskule) - 3RW
Kvam (ny vidaregåande skule) - Asplan Viak
Stord (Langeland ungdomsskule) - OPAFORM

Sentrale spørsmål


I utviklingsarbeidet vil ein legge stor vekt på prosessen *før* ein kjem frem til kva ein skal bygge. Sentrale spørsmål i utviklingsarbeidet vil derfor vere:

Kvifor? Kva vil ein oppnå? Dette er kjerna i arbeidet. Fylle behov, betre eksisterande forhold eller skape endring i aktivitet og åtferd?
Visjon for prosjektet?

Kven bygger vi for?
Hovudbrukarar, tilbake-vendande brukarar og/eller nye brukarar?

Korleis nå visjonen, involvere interessentar og tilrettelegge prosessen?

Kva skal byggast?
Kven kan visualisere det?
Korleis kan det realiserast?
Dette er det siste spørsmålet ein stiller seg, og det er her modellen skil seg frå tradisjonell anleggstenking i Norge.



Kvifor?

Kven?

Korleis?

Kva?

INSPIRASJON



Bilete frå LOA sine prosjekt i Danmark





Foto LOA sine prosjekt:
Simon Jeppesen, Rune Johansen,
Esben Zöllner, Leif Tuxen.



Vestland
fylkeskommune

Budsjett

Tilskot til anlegg kan få støtte gjennom spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, Kulturdepartementet si tilskotsordning for nyskapande aktivitetsarenaer (forlenga til 2022), og investeringstilskot frå VLFK/ private aktørar.

Det er forventa kommunalt bidrag/ egenfinansiering på om lag 30% av investeringskostnadane.

Det er trøng for finansiering av prosjekteringsprosess, arkitekt og ev. anleggsutvikling som ikkje er berettiga spelemidlar.

Kostnader knytt til samarbeidet med LOA, arbeid med forsking, prosjektering av prosjekta og kompetansehevande tiltak vert dekka av VLFK.

Søknadssum

Vestland fylkeskommune søker om tre-delt tilskot på tilsaman kr 24.000.000 frå Sparebanken Vest til gjennomføring av prosjektet
Nyskapande aktivitetsanlegg i samarbeid med Lokale- og Anlægsfonden og kommunar i Vestland.

Fase 1 - Detaljprosjektering og realisering av 4 pilotprosjektar knytt til uteområde ved skular
- inntil kr 2.000.000 per pilotprosjekt.
Tilsaman kr 8.000.000, i 2020.

Fase 2 - Tilskotsordning for kommunar til prosjektering og realisering av 4 nye prosjekt knytt til uteområde ved skular
- inntil kr 2.000.000 per prosjekt.
Tilsaman kr 8.000.000, i 2021.

Fase 3 - Tilskotsordning for kommunar til prosjektering og realisering av 4 prosjekt relatert til ombygging eller nybygg av idretts- og aktivitetshallar
- inntil kr 2.000.000 per prosjekt.
Tilsaman kr 8.000.000, i 2022.



NYSKAPANDE AKTIVITETSANLEGG - EIT SAMARBEIDSPROSJEKT



Vestland
fylkeskommune



TVERGA



NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



Vestland
fylkeskommune

